Utdanningsforbundet
Volda

Årsmøte

torsdag 27.mars 2025 kl. 18.00

Høgskulen i Volda, Berte Kanutte Store auditorium

Kulturelt innslag ved Volda kulturskule v/ Inna Svendsen og Anna Sæbø

Sakliste:

1. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
2. **Konstituering**
3. **Årsmelding**
4. **Rekneskap 2024**
5. **Rammebudsjett 2025**
6. **Retningsliner for arbeidet i lokallaget**
7. **Innkomne saker**
8. **Val HTV etter hovudavtalen**
9. **Val lokallagsstyre, vara og valnemd**

Aktuelt frå Utdanningsforbundet v/ Irma Håvoll Sætre

Sprudlande foredrag/Stand up om "Late Bloomers" v/ Gerd Botn Brattli

Servering av tapas og dessert i kantina

Sak 1:Godkjenning av innkalling og sakliste

- Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Konstituering

- Val av møteleiar: Åse Leikanger
- Møte- og valreglement
- Val av referent: Margun Haugen
- To til å signere møteprotokollen: Frank Vidar Andersen og Synnøve Berg-Rusten Grevstad
- Teljekorps: Silje Ims Lied og Kristian Ingebrigtsen

Sak 3: Årsmelding 2024

Aktiviteten i lokallaget

1. Styret si samansetjing

I 2024 har styret vore samansett slik:

Leiar og HTV2:	Sirikit Vågen
HTV1 og nestleiar:	Cathrin Fremmerlid
Leiarrepresentant:	Veronika Hennøen
GSK:	Åse Leikanger
BHG:	Frank Vidar Andersen
BHG:	Margun-Kathrin Haugen
VGO:	Kristian Soma Ingebrigtsen
UH:	Silje Ims Lied
~~GSK:~~	~~Espen Stray Helle – Trakk seg. 1. vara trakk seg.~~

BHG: 2. vara med i styret 1.8.25-31.7.25 Synnøve Berg-Rusten Grevstad

Alf Terje Bjerkevik (Pensjonistmedlem) med møte- og talerett.

~~1.~~	~~Vara:~~	~~Per Erling Parr Sætre~~	~~(Leiarmedlem)~~
2.	Vara :	Synnøve Berg-Rusten Grevstad	(BHG)
3.	Vara :	Christel Olsen Aam	(BHG)
4.	Vara :	Ulf Kristiansen	(GSK)
5.	Vara :	Linn Janett Driveklepp Øye	(VGO)
6.	Vara :	Kristin Rostad Gangstad	(UH)

Vara pensjonistmedlem: Anne Lise Gridseth

Valnemd : Rigmor Hoggen, Connie Steffenakk Bakke, Tom Erik Bogen og Nina Ulvøy.

2. Medlemstal

Medlemstalet har vore jamt aukande og ved årsskiftet var vi 633 medlemmar. Vi har god oppslutnad i kommunen. Det er positivt at vi har stor organisasjonsgrad i dei ulike medlemsgruppene, og at mange leiarar er medlemmar i Utdanningsforbundet.

3. Saker

Styret har hatt 9 styremøte og handsama 45 saker i 2024.

Handlingsplan for Utdanningsforbundet Volda
1. august 2024 – 1. august 2025

Handlingsplanen bygger på Utdanningsforbundet sitt politiske dokument *Vi utdannar Noreg 2024 – 2027, Strategisk plan 2024-2025,* og Handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal.

1. Lærarrolla og laget rundt barnehageborn og elevar

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Lærarprofesjonen skal ha ei særskild rolle i å sikre ei tenleg og forsvarleg avklaring av kva for oppgåver profesjonen har ansvaret for, og kva for oppgåver leiarar og lærarar treng støtte frå andre yrkesgrupper for å løyse.
Utdanningsforbundet skal arbeide for at denne avklaringa skjer gjennom partssamarbeid, samarbeid med dei andre yrkesgruppene i det lokale arbeidsfellesskapet og innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.
Læraren treng støtte frå andre yrkesgrupper, både i og utanfor eigen barnehage og skule, for å kunne ta hand om ansvaret sitt til det beste for born, unge og vaksne.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:
Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla, og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber. Vi skal også synlegjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehageborn og elevar.

Mål	Tiltak for å nå måla	Ansvar
-Definere og avgrense lærarrolla -Tydeleg oppgåvefordeling mellom lærarar og andre yrkesgrupper i laget rundt -Gje lærarar og leiarar eit vern mot overbelastning	- Følgje opp pkt. 1 i protokolltilførsel til SFS2213 - Arbeide for at definisjonsmakta kring lærarrolla ligg til profesjonen vår - Legge til rette for lokale prosessar når det gjeld å definere og avgrense av pedagogane sitt ansvarsområde - Oppmode til diskusjon og arbeid med oppgåvefordeling i klubbane, og deretter kan ATVane kan ta det med inn i eit felles drøftingsmøte for alle ATVane i bhg og skule. - Samarbeid med andre yrkesgrupper i barnehage og skule for felles avklaring og forståing av kven som skal løyse dei ulike oppgåvene - Setje satsingsområdet i samanheng med arbeid med arbeidsmiljø, jf. satsingsområde 6 <u>Felles treffpunkt for alle ATVar i bhg og skule</u> - Politisk påverknadsarbeid - Laget rundt barnet - Definere og avgrense av pedagogane sitt ansvarsområde	ATV HTV LL

2. Ein framtidsretta tariffpolitikk

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Utdanningsforbundet meiner at sentral lønnsdanning skal vere berebjelken ved fastsetjing av lønn for lærarprofesjonen. Vi må ha eit lønssystem som byggjer på utdanning, kompetanse og ansvar.
Alle medlemmene våre må få utteljing for formell kompetanse.

Utdanningsforbundet skal jobbe for at barnehagelærarane får eit sentralt og føreseieleg garantilønnssystem som sikrar utteljing for vidareutdanning.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025: *Utdanningsforbundet vil med denne satsinga arbeide for å finne fleire handlingsalternativ for å nå dei tariffpolitiske målsetjingane.*		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Stoppe mindrelønsutviklinga i skuleverket -Stoppe kompetanseflukta frå barnehage - Berre lærarar med godkjend lærarutdanning skal undervise i skulen - Sikre utteljing for vidareutdanning for barnehagelærarar	- Delta på regionale tariffkonferansar og sentrale kurs om tariff - KS debatthefte - Tydeleggjere samanhengen mellom lønn og rekruttering jf Strategi for rekruttering - Følgje opp rapportering frå lokallaga i etterkant av lokale forhandlingar - -Jobbe for at barnehagelærarane får eit sentralt og føreseieleg garantilønssystem som sikrar utteljing for formell kompetanse - Tariff - alltid vere proaktive - Ta i bruk sentralt utarbeidt materiell - Politisk påverknadsarbeid - Delta på berekningskurs og kurs i forhandlingsleiing - Prioritering av skuleverket i lokale forhandlingar - Bevisstgjering med å bruke <u>alle</u> forhandlingsheimlane i HTA og gjere kjend at ein kan stille lønnskrav ved tilsetjing. - KS: Barnehagelærarar skal vere omfatta av HTA § 4.2.4.	HTV LL

3. Tid for dei minste

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Dei lovfesta bemannings- og lærarnormene i barnehage og skule må styrkast, og profesjonsfellesskapet må utnytte dei moglegheitene som ligg i desse normene.
Utdanningsforbundet skal arbeide for at minst 60 prosent av dei tilsette i barnehagen skal ha barnehagelærarutdanning, ved å styrke barnehagelærarnorma samtidig som grunnbemanninga reelt vert auka.
God leiing krev at ein er til stades og kan ikkje utøvast utanfrå. Det skal difor være éin styrar i kvar barnehage og éin rektor ved kvar skule.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å auke bemanninga og barnehagelærartettleiken i barnehagen gjennom eit sterkare lovverk sentralt og ulike tiltak lokalt.

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.03:
Utdanningsforbundet må arbeide for at leiarane våre i både offentlege og private barnehagar og skular får nok tid og ressursar!

Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Auka grunnbemanning i form av fleire barnehagelærarar - Styrka styrarressurs -Styrke bemanning SFO	- Profesjonsmedvit ved oppgåvefordeling i barnehagen (jf satsingsområde 1) - Arbeide for at det vert tilbode gode moglegheiter for arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning. - Fronte Utdanningsforbundet sin modell for betre grunnbemanning - Synleggjere barnehagelærarane sin kompetanse - Synleggjere behovet for styrka styrarressurs - Ein må ha same bemanning i SFO som ein har gjennom skuledagen for dei borna som har individuellplan i skuletida. - Politisk påverknad gjennom heile året	LL HTV Lokallagsstyret ATV

- Styrka profesjonsmedvit	- Lokalt budsjettarbeid for å nå måla i kampanjen - Vidareføre kampanjen Tid for dei minste - Vere synleg i ulike fora gjennom heile året	

4. Kvalitetsutvikling på skulen sine premissar

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Vi må utnytte kompetansen i profesjonen betre, både ved utforming av styringssystem, vurdering av kva som er relevant styringsinformasjon, og ved tolking av innsamla informasjon. Mål- og resultatstyring har over lang tid vore det gjeldande styringssystemet i skule og barnehage. Dette har ført med seg standardisering og konkurranse, noko som snevrar inn formålet og samfunnsmandatet til barnehagen og skulen. (…)
Nasjonale prøver må avviklast. I staden bør det utviklast fleksible fagleg-pedagogiske verktøy som kan brukast i klasserommet på lærarane og elevane sine premissar.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å endre det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling slik at det i større grad støttar opp under arbeidet lærarane gjer for at elevane skal lære og trivast, og i mindre grad føre til dokumentasjons- og rapporteringskrav, usunn konkurranse, målforskyving og stress blant elevane.

Mål	Tiltak for å nå måla	Ansvar
-Eit kvalitetssystem som lærarar opplever som gode pedagogisk verktøy	- Jobbe for at resultat frå læringsstøttande prøver ikkje skal offentleggjerast, og slik føre til intern rangering og konkurranse mellom skulane - Svare på høyringar knytt til kvalitetsutvikling - Påverke partiprogram - Halde fram med deltaking frå nettverk 1 i SAFO (Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling) - Leik i skulen - Arbeide for at stemma til lærarane skal høyrast før ein legg føringar for pedagogisk praksis. - Arbeide for ein framtidsretta skule der vi klarer å nå ALLE elevar og gjere undervisning spanande og meistringsfyllt.	HTV LL

5. Rammevilkår i barnehage og skule

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04:
Vi ser at rammefaktorane i barnehage og skule gradvis vert dårlegare, ressursane til bemanning, tilrettelegging, ekstra innsats og førebygging vert knappare, medan behova vert større. Samtidig ser vi høge politiske ambisjonar til utdanning i Noreg, på tvers av alle politiske parti. Etter vårt syn fremmar ikkje den rådande politikken arbeidskvaliteten for dei som har eit arbeid i barnehage og skule. Det totale presset på leiarar og andre tilsette i vår sektor gjer at for mange vil forlate yrket, eller vel å ikkje gå inn i det.
Utdanningsforbundet Møre og Romsdal krev at ansvarlege politikarar på alle nivå må sørge for at ein får betre rammer slik at flukta frå læraryrket stoppar!

Mål	Tiltak for å nå måla	Ansvar
-Synleggjere konsekvensar av for dårlege rammer i barnehage og skule	- Følgje opp KS-debatthefte og påverke deltakararar på KS-strategikonferanse - Seniorpolitiske tiltak i barnehage - Arbeid inn mot Stortingsvalet i 2025 - møte med lokalpolitikarar og stortingskandidatar - Følgje opp sentral Strategi for rekruttering 2030: *Konkrete punkt frå strategien *Be om møte med ordførar og varaordførar *Kople på Oppvekstsjef og politikarar - Gode rammevilkår i skule og barnehage for å motvirke flukt frå læraryrket - Arbeide for gode løns- og arbeidsvilkår	LL HTV Lokallagsstyret ATV Medlemmar Sirikit og Silje

	- Bruk av media - Delta på kurs	
6. Arbeidsmiljø – trygge og helsefremjande arbeidsplassar		
VI UTDANNER NORGE 2024–2027 Tilsette må vere verna mot vald og trugslar om vald og mobbing og grovt krenkande åtferd og ordbruk både i arbeidssituasjonen og i digitale medium		
Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04: Nyare forsking, både nasjonalt og internasjonalt, viser at det som er særleg belastande i læraryrket er det å stå i stressrelaterte situasjonar over lang tid, noko som kan sjåast som «ei langsam ulukke». Vi ynskjer difor at det må setjast større fokus på psykososialt arbeidsmiljø.		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Etablere rutiner i samsvar med føreskrift til AML, kap. 23A: *Arbeid som kan medføre fare for å verte utsett for vald og trugsel om vald*	- Arbeide for at HMS-systemet(Compilo) vert meir brukarvenleg - Vidare arbeid med bransjeprogram - Vidare arbeid med Føreskrift til AML, kap. 23A - Fokus på psykososialt arbeidsmiljø og emosjonelle belastningar - Ta i bruk verktøy som er utvikla i samband med bransjeprogrammet - Gjere kjend lærarane sitt særskilte vern i straffelova § 265 og § 286	HTV ATV LL

Lokallagsleiar si oppsummering av 2024

2024 har vore eit innhaldsrikt og spennande år i Utdanningsforbundet Volda.
Vi starta året med nyttårssamling for tillitsvalde, lokallagsstyret og valnemd. Dette er ein god og innarbeida tradisjon og ein fin start på året å samlast for informasjon, gode diskusjonar og ein fin møteplass der valnemda får møte dei tillitsvalde.

Lokallagsleiar hatt jobbsøkarskurs for Pedagogstudentane ved Høgskulen i Volda i slutten av januar. Lokallagsleiar har hatt tett og godt samarbeid med Pedagogstudentane, men alle som var i styret for Pedagogstudentane i Volda vart ferdig med utdanninga si sommaren 2024. Gjennom heile våren vart det arbeidd for å rekruttere nye studentar til å vere med i Pedagogstudentane sitt styre, men utan hell. Sidan sommaren 2024 har det vore eit inaktivt lokallag for studentane. I august 2025 endra Pedagogstudentane namn til Lærerstudentene i Utdanningsforbundet. Sidan studiestart og gjennom hausten har det kome representantar frå Lærerstudentene sentralt som saman med lokallagsleiar har hatt stand og medlemsmøter for å verve nye studentar, og iherdige forsøk på å etablere eit aktivt lokallag for Lærerstudentene i Utdanningsforbundet ved Høgskulen i Volda. Dette er enno ikkje på plass.

Årsmøte 2024 vart arrangert på Høgskulen i Volda. Godt gjennomført årsmøte og så kjekt med engasjerte medlemmar og mange som stiller til val. Det var litt lågare deltaking enn dei siste åra. Styret arbeidar for å få opp deltakinga til neste årsmøte.

I mars var pensjonistkontakter og lokallagsleiar kalla inn til pensjonistkurs og var spurd om vi kunne halde eit innlegg om pensjonistarbeidet i lokallaget vårt. Dette fekk vi gode tilbakemeldingar på.

Det er to nettverkssamlingar i året for Nettverk 1 (Søre sunnmøre) som Utdanningsforbundet Volda er del av, den eine samlinga på våren, den andre på hausten. Dette er gode møtepunkt der lokallaga stiller med fire representantar kvar og kan melde inn saker som ein vil diskutere med dei andre lokallaga.

Barnehagedagen 2024 hadde temaet *Staden min*. I samarbeid med Fagforbundet kjøpte vi inn og delte ut fine bøker som passa til temaet. Flott å kunne samarbeide med andre organisasjonar om ei slik markering.
SFO-dagen i april vart markert for første gong her i Volda. Vi kjøpte inn ei pakke med 10 hoppetau til alle våre SFO. Dette blei sett stor pris på.

Før sommaren var det flott avslutning for tillitsvalde, styret og varamedlemmer. Nokre tillitsvalde vart takka av etter mange år i vervet, og nye vart ynskt velkomen som tillitsvalde. Rett etter sommaren arrangerte vi Kick off , ein oppstartskveld for lokallagsstyret, vara og alle tillitsvalde. Vi hadde delte ut hovudlykt som gåve til alle yrkesaktive medlemmar. Det var positivt å kunne halde fram med denne oppstartssamlinga, med presentasjon, informasjon og diskusjon. Då kunne dei tillitsvalde få med seg medlemsgåva vi hadde kjøpt inn til dei yrkesaktive medlemmane, samt ha saker som dei kunne ha på klubbmøte.

TV1, det første kurset i tillitsvaldopplæringa arrangerer vi felles i Nettverk 1 i Loen. Fem av sju lokallag hadde nye tillitsvalde og deltok på kurset. Vi møtte ettermiddagen før kurset, vart kjent og kunne ha ein god og effektiv kursdag. Evalueringa viste at dette var noko både dei tillitsvalde og lokallagsleiarane meinte var positivt, og vi vil halde fram med denne modellen.

Då Ungdomsmeldinga skulle ferdigstillast vart lokallaget spurd om å delta på ein panelsamtale arrangert av SP . Liv Fredskild stilte opp på vegne av Utdanningsforbundet Volda saman med Per Erling Parr Sætre som er med i leiarråd i Utdanningsforbundet Møre og Romsdal. Tusen takk for gode refleksjonar!

Vi arrangerte medlemskveld 25.september om det viktige temaet emosjonell belastning, vald og truslar. Nestleiar i Utdanningsforbundet Møre og Romsdal Orlaug Bjørdal Kårstad hadde ei god økt med det viktig temaet. Det var lågare påmelding til arrangementet enn vi hadde håpa på, men for dei som kom var det ein nyttig kveld.

5. oktober markerte vi verdas lærardag. Helsing og premie på SOME. Tre heldige vinnarar fekk kjøpe inn pizza til arbeidsstaden sin.

I november var heile lokallagsstyret innkalla til lokallagsstyrekurs i Geiranger. Dette er eit kurs som Utdanningsforbundet Møre og Romsdal arrangerte. Så flott å kunne vere samla og få eit godt påfyll i styrearbeidet.

2.desember inviterte vi til Førjulstapas for leiarmedlemmane, der Marit Lillestøl som er leiarmedlem i fylkesstyret orienterte om viktige saker i Utdanningsforbundet. God mat og lett stemning. Godt å kunne senke skuldrane litt saman og få nyttig informasjon, nyte god mat og ha tid saman. Eit godt pusterom i ei elles hektisk tid. Alle leiarane i lokallaget var invitert til samlinga.

Pensjonistmedlemmar. Har innført faste torsdagstreff på Holmen Mat og Drikke for pensjonistmedlemmar – lokallaget spandere kaffi. Pensjonistkontakt Alf Terje Bjerkevik har ansvar for samlingane.

2.oktober arrangerte Utdanningsforbunda i Nettverk 1 eit pensjonisttreff på Runde for alle pensjonistmedlemmar i Nettverk1. Det kom nokre påmeldingar frå pensjonistmedlemmane i lokallaget vårt, men like mange avmeldingar kom, så ingen av våre deltok på denne samlinga.

Julesamlinga for styret, varamedlemmer og valnemd og tillitsvalde var flott- Godt å kunne samlast.

Vi har vore på fleire besøksrunder til alle klubbar i lokallaget med ein oppmerksamheit, og gåver til medlemmane.

Vi har eit aktivt og godt styre, sender møteinnkalling, sakliste og referat til vara, slik alle er orienterte. Lite bruk av vara fordi styremedlemmane er særs flinke til å stille. Vi har møta vår på arbeidsstadene til styremedlemmane for å få ein variasjon om kven som må reise langt, og vi får eit innblikk i denne medlemsgruppa sin arbeidsstad.

Vi deltek på nettverkssamlingane i Nettverk 1. Det er eit godt og etablert nettverk der vi kan ta opp små og store saker frå lokallaga. Ei styrke å vere del av eit nettverk der vi kan lære av kvarandre. Vi har og hatt godt samarbeid om TV1, det første kurset i tillitsvaldopplæringa.

Hovudtillitsvald, lokallagsleiar og nestleiar har overordna ansvar for satsingsområda og gjennomføringa av tiltaka, styret bidreg der ein finn det naturleg. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for barnehage som skal arbeide målretta for bemanning gjennom heile barnehagedagen.

Vi har ei aktiv facebookside der vi har fleire følgjarar enn vi har medlemmar i lokallaget! Ein flott kanal for å nå ut med informasjon, både nasjonalt og lokalt. For å auke engasjementet for sida og gje noko til følgarane våre, så har vi små konkurransar som påskehelsing, sommarhelsing, dele ut kinobillettar og premiering når sida når nye milepælar.

Budsjettprosessen i Volda kommune går gjennom heile året. Lokallaget sendte skriv til politikarar tidleg i prosessen, så nytt skriv før første formannskapsmøte i sluttrunda av prosessen. Vi har hatt fleire lesarinnlegg i lokalavisa og tilsvarande skriv sendte vi til lokalpolitikarane. Vi fekk fleire tilbakemeldingar på at dei takka for innspela vi kom med. Vi har hatt fokus på bemanningssituasjon og at det må løyvast nok pengar til ei god bemanning, både i barnehage og skule. Då det endelege forslaget låg klart sendte UDF Volda høyringssvar inn til budsjettframlegget. Dette har vore ein god prosess som vi vil halde fram med.

Arbeid opp mot politikarar på prosessen ved KS-dokumentstrategi vil halde fram på nyåret.

Lokallagsstyret :

Lokallagsstyret representerer ulike medlemsgrupper; grunnskule, barnehage, vidaregåande skule, universitet og høgskule. Leiarane og pensjonistane har ein representant i lokallagsstyret. Lærerstudentene i Utdanningsforbundet vil ha møte- og talerett om det vert etablert eit styre for lærerstudentene i Volda. Styremedlemmane har skrive eit samandrag om kva som har vore fokusområde for dei ulike gruppene dei representerer.

Leiarar v/ Veronika Hennøen	Då legg vi bak oss nok eit innhaldsrikt år for leiarar i barnehage og skule. Leiarane opplev i hovudsak gode dagar på jobb med mykje godt humør og tilsette som strekk seg langt for at borna i Volda kommune skal ha gode kvardagar. Som leiarar har ein det siste året hatt auka fokus på å nytte det handlingsrommet ein har, i staden for å ha fokus på det ein ikkje får gjort noko med. Det er f.eks ikkje mogleg å løyse krisa med for låg bemanning i barnehage på lokalt nivå aleine. Dei store endringane må skje høgare opp i systemet og bemanningsnorma må endrast. MEN det vi kan gjere er å sørgje for at organisering av dei ressursane vi har er best mogleg slik at konsekvensane blir minst mogleg. Det same gjeld for planleggingstida – det gjeld å finne det tidsrommet på dagen der det er minst belastning å gå med eit personale for lite, samtidig som ein må jobbe for å synleggjere konsekvensen av å ikkje ha dekt planleggingstida for pedagogane som jobbar med dei eldste barna i barnehagen. Ei av utfordringane ein står i som leiar, og som er skremande for framtida til oppvekstsektoren, er dei låge søkjartala på lærarutdanningane. Høgskulen informerar om at dei får lågare og lågare studenttal, og at «den krisa dei står i no, vil barnehagane og skulane stå i om nokre år». I ei bygd der lærarutdanningane har stått høgt og ein har hatt god tilførsel av nyutdanna lærarar i barnehage og skule er det bekymringsverdig at vi mest truleg må ta i bruk dispensasjonar om eit par år. Som leiar kjennar ein på eit behov for meir kunnskap om korleis vere leiar i ein sektor der trykket aukar, der det vert mindre ressursar, høgare sjukefråvær og auka forventingar til kva ein skal levere av kvalitet. Opplever at fagorganisasjonane har mykje fokus på utfordringane tilsette som står i førstelinja har det, noko som er bra! Men ein ønskjer auka fokus på korleis gje desse tilsette leiarar som er rusta til å stå i kampen ilag med dei. Ein leiar i skule meldar om at ein opplev at driftsbudsjetta har vorte for stramme. Den digitale satsinga kostar, og dei vanlege innkjøpa av alle andre driftsmiddel har også vorte dyrare. Driftsbudsjetta har dessverre ikkje fulgt med i same tempo, og det har blitt eit gap mellom det ein må kjøpe inn og dei pengane ein har til rådevelde. Dette er noko ein må rette fokuset mot framover. Barnehageleiarar og skuleleiarane opplev at ein får eit stadig tettare samarbeid innad i sektoren, og at ein har fokus på å sjå samanhengande og den raude tråden mellom tenestene. Det siste vi hadde oppe som tema var evaluering av rutinane for overgang barnehage og skule. Det er nyttig å få meir kunnskap om kvarandre sine einingar og høyre kvarandre sine synspunkt.
Grunnskule v/ Åse Leikanger	Mange skular har hatt full eller delvis utskifting av leiinga i år, noko medlemmane frå grunnskulen har vore opptekne av. Skulane melder også om frustrasjonar rundt BTI-samarbeidet. Mange opplever at det er liten forskjell frå tidlegare, og at hjelpa ikkje når ut. Vi har opplevd at kartlegging fungerer, men ikkje tiltak. Medlemmar synest det er positivt at ppt har innført ordninga med at dei er

	tilstades på skulene. Vi opplever også at ventetida på at søknader skal verte handsama har gått noko ned. Vikarmangelen på skulane er alvorleg og vekkjer stor uro blant medlemmane. Når vi må dekke opp for kvarandre ved fråver, skaper det stor slitasje. Ein av dei fådelte skulane melder at dei har ingen vikarar tilgjengeleg. Dette medfører mykje samanslåing av delingstimar og klassesteg, og ITO-timar som går ut. Dette går på kostnad av kvaliteten på undervisninga og elevar med faglege vanskar. Nokre klubbar har delteke på ein del høyringar. Mellom anna om ny opplæringslov, nytt system for kvalitetsutvikling og uttale kring utgreiinga "Det digitale (i) livet". Kommuneøkonomien og nedskjeringane har engasjert mykje. Nokre klubbar har skrive innlegg i lokalavisa, medan andre har kome med innspel som lokallaget tok med tilbake til politikarane. Ein klubb melder at dei har hatt ein del saker som går på korleis vi kan verne kontaktlærarane, slik at dei ikkje får endå meir å gjere. I den private barneskulen i kommunen har det vore drøfta fleire saker om deira lønog arbeidsvilkår, der dei skal ha same vilkåra som i den offentlege skulen. Her forhandlar dei med styret for skulen om kva som til ei kvar tid skal gjelde.
Barnehage v/ Frank Vidar Andersen, Margun-Kathrin Haugen og Synnøve Berg-Rusten Grevstad	Medlemsgruppe barnehage representerer både kommunale og private barnehagar, og det har gjennom året vore eit godt engasjement ute i dei ulike barnehagane sine klubbar. Vi har no sju kommunale barnehagar og seks private barnehagar i Volda Kommune. I 2024 har UDF-Volda gjennom gruppa «Med hjarte for barnehagen», hatt fokus på å fremje saker som er viktige for barnehagane. Det er svært positivt og viktig at det vert gjort vedtak om å halde fram med styrka bemanning på småbarnsavdelingane. Det er viktig å nemne at barnehagane i Volda har eit dyktig og kompetent personale. I arbeidet med kvalitet og kompetanseutvikling så har barnehagane i 2024 arbeidd med kvalitetsarbeid der inkluderande språkmiljø (ASK) fortsett har vore fokuset. Gjennom året har barnehagane teke del i felles fagdagar, noko som både skapar samhald og fagleg utvikling. UDF-Volda har og ein representant frå barnehage som har delteke på møter i kontaktforum for Møre & Romsdal. Det å få møte representantar frå alle kommunane er viktig og gjev ein informasjon, samt moglegheit til å dele med kvarandre om kva barnehagane i Møre & Romsdal står i. Barnehagane i Volda har også hatt ein del sjukefråvær, så det å få tak i vikarar har vore ei utfordring i sektoren. Ein opplever no heldigvis at dette er i ferd med å snu. Ei gladnyheit dette året er at einskilde kommunale barnehagar har fått kjøkkenassistent.
Vidaregåande skule v/ Kristian Soma Ingebrigtsen	Klubben ved Volda vidaregåande skule er leia av ATV Kristian Soma Ingebrigtsen, vara til ATV er Linn Øye. Klubben har også eit styre bestående av ATV, vara til ATV og 4 styremedlemmar, ein frå kvar avdeling og vara. ATV tek del på orientering og drøftingsmøte. Det er gjennomført lokale forhandlingar. ATV Ingebrigtsen innehar VGO sin faste plass i lokallagsstyret. ATV har frikjøp frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og lokallaget, Volda. Klubben har hatt fleire møter og styremøte siste kalenderår.
Universitet og høgskule (UH) v/ Silje Ims Lied	I medlemsgruppa UH er alle medlemmane tilsett på Høgskulen i Volda (HVO). Vi har eit fungerande klubbstyre med leiar og hovudtillitsvalt, med ca. 80 medlemmar. Leiar deltek som fast deltakar i jamlege IDF-møter (informasjon, drøfting og forhandling) med leiinga. Vi har også ein representant i

	tilsetjingsutvalet ved HVO, og vararepresentant i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Vi har også eit medlem som er UH representant og styremedlem i lokallaget. Styret har hatt 14 styremøte, og behandla 59 saker. Vi har arrangert 3 medlemsmøte i tillegg til årsmøtet. I tillegg held vi medlemmane oppdatert om sentrale saker gjennom Teams. Vi har levert tre høyringsuttalar og i 2024 har vi jobba mykje med lønspolitikk. Vi har arbeidd for at alle skal ha ein rimeleg lønnsutvikling over tid og utjamning for dei som ligg lågt i sin stillingskategori. Vi vektlegg i liten grad andre individuelle faktorar. Partssamarbeidet har vore krevjande, men går etter forholda greit. Det er likevel slik at mange viktige saker blir ståande på vent.
Pensjonistkontakt Alf Terje Bjerkevik	Pensjonistgruppa har hatt faste pensjonisttreff den første torsdagen i månaden i skuleåret. Møtestaden har vore Holmen, med gratis kaffi. Bra oppmøte, snitt på ca. 10 dei siste månadane. Treffet i februar 24 vart lagt til Hornindal skule. Vi fekk eit foredrag om skulehistoria i Hornindal, levande fortalt av Paul O Tomasgard. Åse og Arne ordna med servering av vaflar og heimebaka kaker. Til slutt fekk vi ei omvisning på den nye skulen. 20. og 21. mars var det pensjonistkurs i Molde, Vi var tre frå Volda som møtte der, og eitt innslag på kurset var ei orientering om pensjonistarbeidet i Volda. Pensjonisttreff i nettverk 1 (Sjustjerna) var på Runde 16. september.

4. Hovudtillitsvald

Cathrin Fremmerlid har vore HTV (Hovudtillitsvald) i 70 % stilling i 2024.

Som HTV arbeider ein med saker som tek utgangspunkt i Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen. Sakene vert reist av medlemmar, arbeidsplassar, arbeidsgjevar eller initiert av HTV.

Våre samarbeidspartnarar er mellom anna Fylkeskontoret UDF, Nettverk 1, tillitsvalde, hovudtillitsvalde frå andre arbeidstakarorganisasjonar, Oppvekst m/kommunalsjef oppvekst, avdelingsleiarar og konsulentar, og Administrasjonen m/personalsjef og kommunedirektør.

Vi har hatt eit godt og tett samarbeid med arbeidsgjevar gjennom møter, drøftingar og forhandlingar. Ein prøver å samarbeide så tett som mogleg, men det er ikkje alltid lett å fine tid til alt.

Utdanningsforbundet Volda er ein stor arbeidstakarorganisasjon og er representert i ulike utval og arbeidsgrupper. HTV har vore representant i arbeidsmiljøutvalet, kontaktmøte, STIM-møte, PSU (partssamansett utval) og i heiltidskultur-prosjektet. Dei hovudtillitsvalde prøvar å møtast både formelt og uformelt omlag ein gong i månaden, slik at ein er meir aktivt delande og støttande i saker ved behov. Noko som ikkje alltid er lett å finne tid til da nokon er delvis frikjøpte medan andre ikkje har frikjøp, og ein er ofte knytt opp til arbeidsgjevar og andre møtepunkt på forskjellige arbeidsplassar.

HTV har delteke i kontaktmøte mellom kommunedirektør, personalsjef og alle dei andre hovudtillitsvalde i kommunen. Arbeidsmiljø, kommuneøkonomien, nærvær og heiltidskultur har vore den «raude tråden» i desse møta. Vi har fått informasjon om status, med invitt til ulike påfølgjande samtalar/drøftingar. Dette året har møtefrekvensen vore jamn i alle typar treffpunkt, samstundes som ein har hatt behov for å ha ein tettare frekvens på enkelte møter.

HTV har eit svært godt samarbeid med Opplæring og oppvekst. Ein har god informasjonsflyt, vert tatt med og lytta til i prosessar og har faste drøftingsmøte. Drøftingar og forhandlingar om bemanning og ressursbruken generelt er eit viktig område for HTV.

HTV deltek i alle tilsetjingar av pedagogisk personell i kommunen, og er part i forhandlingar som forhandlingsleiar for UDF i lønsforhandlingar.

HTV får invitasjon til leiarmøta i Oppvekst, og prioriterer å delta på desse når ein har moglegheit.

HTV er òg med i ulike arbeidsmiljøsaker og personalsaker. I enkeltsaker har det vore drøftingar med sikte på å få til dei best moglege ordningane for alle medlemmane våre.

5. Klubbane

Utdanningsforbundet i Volda består av følgjande klubbar/medlemsverksemder:

Arbeidsplass	Klubbleiar/Tillitsvald
Austefjord barnehage	David Bell (ATV/Klubbleiar)
Bratteberg skule	Irene Åbrekk Kalvatn (ATV/ klubbleiar)
BUP Volda	Ingunn Bø Hunnes (ATV/Klubbleiar)
Dalsfjord skule	Åse Leikanger (ATV/Klubbleiar)
Engeset barnehage	Mari Aarflot (ATV/Klubbleiar)
Folkestad barnehage	Guro Ludvigsen(ATV/Klubbleiar)
Folkestad skule	Camilla Kongsvoll (ATV/Klubbleiar)
Globalskolen AS	Linn Camilla Wien (ATV/Klubbleiar)
Hjellbakkane Barnehage Stiftelsen	Goro Gransletten (ATV/Klubbleiar)
Hornindal barnehage	Margun Haugen (ATV/Klubbleiar)
Hornindal skule	Oskar Alexander England(ATV/Klubbleiar)
Høgskulen i Volda	Stein Conradsen (ATV) Torbjørg Bakke (HTV)
Lauvstad barnehage	Karin Hurlen Vatnehol (ATV/Klubbleiar)
Bratteberg barnehage	Rigmor Hoggen (ATV/Klubbleiar)
Mork barnehage	Silje Helset (ATV/Klubbleiar)
Mork skule	Dagny Beate Vattøy (ATV/Klubbleiar)
Oppigarden barnehage	Sissel Helset (ATV/Klubbleiar)
Rotset barnehage	Frank Vidar Andersen (ATV/Klubbleiar)
Røysmarka studentbarnehage	Lene Kristin Standal (ATV/Klubbleiar)
Trollsletta barnehage	Ikkje ATV
Tunåsen barnehage	Ikkje ATV
Ulvestad barneskule	Manglar ATV. Rektor kontaktperson.
Volda kommune administrasjonen	Nina Hovden Eidheim (ATV/Klubbleiar)
Volda kulturskule	Inna Svendsen (ATV/Klubbleiar)
Volda Læringssenter	Cathrin Fremmerlid (ATV/Klubbleiar)
Volda sjukehus/ Helse Midt-Norge BUP	Ingunn Bø Hunnes (ATV/Klubbleiar)
Volda Ungdomsskule	Liv Fredskild (ATV/Klubbleiar)
Volda vidaregåande skule	Kristian Ingebrigtsen (ATV/ Klubbleiar)
Øyra barnehage	Sander Stevens (ATV/Klubbleiar)
Øyra skule	Astrid Velsvik Henriksen (ATV/Klubbleiar)

6. Frikjøp

Oversikt frikjøp 2024: 72% organisasjonsfrikjøp

Organisasjonsfrikjøp (dekka av sentralleddet basert på medlemstal):
Leiar 50%
Nestleiar 20%
Organisasjonsfrikjøp ATV Volda vidaregåande skule 2 %
Frikjøp dekka over lokallagsbudsjettet:
Organisasjonsfrikjøp ATV VUS 2%

Tillitsvalde har rett til tid til å utføre oppgåver etter HA §3-2 .

7. Kurs og møte

- Styremøte
- Årsmøte februar 2024
- Kurs for nye tillitsvalde saman med Nettverk 1 (TV1)
- Kurs for erfarne tillitsvalde
- Kurs/samlingar for lokallagsleiar/HTV
- Nettverkssamlingar
- Kontaktforum B og G (Og samling for kontaktperson og medlemsgruppene i etterkant av kontaktforum)
- Barnehagekonferansen
- Pensjonisttreff (Torsdagstreff på Holmen Mat og Drikke)
- Pensjonisttreff arrangert av Utdanningsforbundet i Nettverk 1
- Lokallagsstyrekurs
- Førjulstapas leiarmedlemmer
- Tilbod om kurs i regi av UDF
- Besøk til alle klubbar i lokallaget i fleire anledningar

Forslag til vedtak: *Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2024.*

Sak 4: Rekneskap 2024

Rekneskap 01.01.2024-31.12.2024

Rekneskapen for 2024 syner eit underskot på omlag kr 9900. Det sett saman med at vi fekk omlag 12700 mindre i kontingent i 2024 enn det vi først fekk informasjon om så er det ikkje eit overforbruk. Det vil seie at vi fekk eit overskot på 2800 utifrå budsjettet vi godkjende på årsmøtet i 2024, men med lågare kontingent gjennom året vart det eit underskot i rekneskapen på grunn av dette.

Vi har omlag kr 117 500 i oppsparte midlar på konto pr. 31/12-24.

Vi søkte også etter ekstra midlar frå fylket for å få dekka medlemsmøte og kursing av plasstillitsvalde, pensjonisttreff og medlemskino, og fekk innvilga støtta.

Vi starta 2024 med eit stort medlemsmøte, og utover i året har ein samla medlemmar til andre sosiale møter.

I 2024 har vi brukt mest pengar på postane «Frikjøp», «Bevertning», «Representasjon og gåver» og «Profileringsmateriale». Ein ser framleis at det vert ført på andre postar enn vi tenkjer er rett, utifrå innkjøpet vi gjer, for eksempel så er mykje av det vi ser på som profileringsgåver ført under representasjon og gåver. Dette skjer om vi handlar lokalt, eller med andre firma enn UDF sin nettbutikk. I 2024 fekk UDF ny logo, og da vart det gjort nokre store innkjøp med den nye logoen på. Dette for at vi skal ha gåver til medlemmer, verving, medlemsmøte, klubber m.m. framover.

Det er flott å sjå at så mange av klubbane held klubbmøte, og at aktiviteten er stor i klubbane våre. Representasjon og gåver: Vi kjøpte bøker til alle barnehagane i Volda til Barnehagedagen, gåver til SFO på sfo-dagen, gåve til verdas lærar dag og velkomstgåve til nye medlemmar i klubbane våre. Vi kjøpte også gåver til alle yrkesaktive medlemmar til “kick off” i august.

Frikjøp frå lokallaget:

Dei mellomstore klubbane våre har fått 2 % frikjøp frå lokallaget når dei ikkje har over 46 medlemmar, som utløyser ekstra frikjøp frå sentralt, i sine klubbar. Det vil seie at når dei har mellom 40 og 46 medlemmar i klubben frikjøper lokallaget den tillitsvalde, eller ein samtalepartner, 2 % ned i stilling. For året 2024 vart det frikjøpt for heile året ved Volda ungdomsskule og for våren2024 ved Volda vidaregåande. For hausten 2024 fekk Volda vidaregåande frikjøpt 2 % av det sentrale frikjøpet til Utdanningsforbundet Volda, medan Øyra skule fekk frikjøp frå sentralt da dei hadde meir enn 46 medlemmar.

Rekneskap 2024

RESULTAT	Regnskap HiÅ	Budsjett HiÅ	Avvik i kroner
INNTEKTER			
Kontingentinntekter FY/LOK	-428 214,29	-440 905,00	-12 690,71
Refusjon SPK-midler	-4 130,00	0,00	4 130,00
Sum Driftsinntekter	**-432 344,29**	**-440 905,00**	**-8 560,71**
KOSTNADER			
Møtegodtgjøring uten feriepenger	60 750,00	50 000,00	-10 750,00
Trekkpl. reise	258,30	0,00	-258,30
Telefondekn.i form av lønnsytelse	4 000,00	4 000,00	0,00
Arbeidsgiveravgift	9 287,12	10 000,00	712,88
Sum Lønnskostnader	**74 295,42**	**64 000,00**	**-10 295,42**
Datautstyr (pc,mobil,iPad, mm)	15 985,00	15 000,00	-985,00
Frikjøpsordninger	62 333,00	72 000,00	9 667,00
Refusjon frikjøp/SPK	6 745,00	0,00	-6 745,00
Data- og kontorrekvisita	4 035,50	2 000,00	-2 035,50
Aviser og abonnementer kontoret	5 672,00	5 000,00	-672,00
Faglitteratur	598,00	2 000,00	1 402,00
Diverse kontor- og adm.kostnader	2 134,73	3 000,00	865,27
Sum kontorhold mm	**97 503,23**	**99 000,00**	**1 496,77**
Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	2 382,52	3 000,00	617,48
Passasjertillegg	164,00	905,00	741,00
Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	857,75	1 000,00	142,25
Flybilletter	0,00	8 000,00	8 000,00
Andre reiseutgifter	0,00	5 000,00	5 000,00
Hotell	7 560,00	25 000,00	17 440,00
Leie kurslokale/møterom	5 135,50	12 000,00	6 864,50
Bevertning ved møter	83 034,24	90 000,00	6 965,76
Deltakeravgift møter/kurs	3 770,00	3 000,00	-770,00
Andre kurs/møte kostnader	960,00	10 000,00	9 040,00
Profileringsmateriell	19 385,75	80 000,00	60 614,25
Støtte andre organisasjoner	5 000,00	5 000,00	0,00
Representasjon, gaver	122 636,93	25 000,00	-97 636,93
STIPEND	19 200,00	0,00	-19 200,00
Streikekostnader	0,00	10 000,00	10 000,00
Sum reise mm	**270 086,69**	**277 905,00**	**7 818,31**
DRIFTSRESULTAT	**9 541,05**	**0,00**	**-9 541,05**
FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER			
Bankgebyr	328,50	0,00	-328,50
Sum Finansposter	**328,50**	**0,00**	**-328,50**
Årsresultat	**9 869,55**	**0,00**	**-9 869,55**

Sak 5: BUDSJETT 2025

	Budsjett 2025	
	INNTEKTER	
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-433 727,00
3990	Refusjon SPK-midler	0,00
	Sum Driftsinntekter	**-433 727,00**
	KOSTNADER	
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	65 000,00
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	4 000,00
5400	Arbeidsgiveravgift	10 000,00
	Sum Lønnskostnader	**79 000,00**
6540	Inventar, innkjøp	
6550	Datautstyr (pc,mobil,iPad, mm)	10 000,00
6745	Frikjøpsordninger	35 000,00
6800	Data- og kontorrekvisita	2 000,00
6840	Aviser og abonnementer kontoret	7 000,00
6841	Faglitteratur	2 000,00
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader	3 000,00
	Sum Kontorhold mm	**59 000,00**
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	5 000,00
7111	Passasjertillegg	3 000,00
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	3 000,00
7142	Flybilletter	5 000,00
7143	Andre reiseutgifter	5 000,00
7144	Hotell	50 000,00
7170	Leie kurslokale/møterom	15 000,00
7171	Bevertning ved møter	90 000,00
7172	Deltakeravgift møter/kurs	7 000,00
7190	Andre kurs/møte kostnader	7 000,00
7320	Annonser markedsføring	0,00
7321	Profileringsmateriell	55 000,00
7420	Støtte andre organisasjoner	5 000,00
7422	Representasjon, medlemsgaver	40 000,00
7790	Streikekostnader	5 000,00
8171	Bankgebyr	727,00
	Sum Reise mm	**295 727,00**
	Sum Driftskostnadar	433 727,00
	DRIFTSRESULTAT	**0,00**

Styret har utarbeida eit budsjett som er forsvarleg for 2025, som ikkje brukar av dei oppsparte midlane. Desse midlane skal kome medlemane til gode, og vi ser det som fornuftig å ha oppsparte midlar i reserve. Ekstra utgifter kan dukke opp i løpet av eit budsjettår.

Kort om postane i budsjettet:

Vi vil i 2025 få 7 000 mindre i kontingentinntekter enn vi budsjetterte med i 2024.

Dette gjer at vi må ta ned litt av budsjettet, og endre mellom postane, for å sleppe å ta av dei oppsparte midlane våre om det ikkje vert naudsynt.

-Lønnskostnadar. Her sett vi opp møtegodtgjersle da ein brukte meir enn budsjettert i 2024.

-Kontorhold mm. Vi sett ned postane "Frikjøp" og "Datautstyr" da ein får meir frikjøp frå sentralt og ein kjøpte inn noko nytt utstyr 2024.

Det gjer at posten "lønnskostnadar" vert auka med 14 000,- og "kontorhold" vert satt ned 30 000,- samanlikna med budsjettet ifrå 2024.

- Reise mm. Her har vi auka med samla 17 800 samanlikna med budsjettet ifrå 2024. Den største endringa er at vi har auka postane "hotell" med 25 000,- og "medlemsgåver" med 15 000,-.

Årsaka til dette er at vi vonar det kjem ei auke på søknadar frå medlemmane til kurs og reise i regi av Utdanningsforbundet, og at når vi gjer innkjøp av gåver og profileringsmateriell med andre enn nettbutikken til UDF vert det satt på posten "medlemsgåver".

I 2024 har vi søkt, og fått innvilga støtte frå inndregne midlar frå Utdanningsforbundet Møre og Romsdal til medlemsmøte og kursing av plasstillitsvalde, pensjonisttreff og medlemskino. Dette er midlar lokallaga framleis kan søke om i 2025.

Når vi veit om vi får, eller ikkje får, innvilga støtte også i 2025 vil vi gjere endringar innanfor postane etter kva som vert naudsynt utan att ein skal nytte oppsparte midlar.

Vi vidarefører vedtaket om at klubbane kan få dekt utgifter til servering på klubbmøte til om lag 100 kr pr medlem pr år. For å få denne støtta må ein sende inn rekning og klubbmøtereferatet til lokallaget.

Vi vil at lokallaget vårt skal vere aktivt og held postane bevertning, hotell, møteverksemd og reiseutgifter høgt.

Støtte til medlemmar som deltek på kurs i regi av Utdanningsforbundet har vi styrevedtak på: "*Utdanningsforbundet Volda dekker utgifter til overnatting i enkeltrom, eller tilsvarande sum, for at medlemmar i lokallaget som søkjer om støtte, skal få reise på kurs og konferansar i regi av Utdanningsforbundet. Dette vert å sjå på som eit prinsippvedtak så lenge det er midlar igjen på budsjettposten."*

Forslag til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.

2. Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2025. Styret får fullmakt til endring innanfor postane

Sak 6: Retningsliner for arbeidet 2025

Utdanningsforbundets Strategisk plan 2024-2025.

Lokallaget sin plan skal bygge på den sentrale planen.

Handlingsplanen bygger på Utdanningsforbundet sitt politiske dokument *Vi utdannar Noreg 2024 – 2027, Strategisk plan 2024-2025,* og Handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal.

Satsingsområder:

- **Trygge og helsefremmande arbeidsplassar**
- **Styring av utdanningssektoren**
- **Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen**
- **Lønspolitisk offensiv for lærarar i skulen**
- **Rammevilkår i barnehage og skule**
- **Arbeidsmiljø – trygge og helsefremjande arbeidsplassar**

Handlingsplan for Utdanningsforbundet Volda
1. august 2024 – 1. august 2025

Handlingsplanen bygger på Utdanningsforbundet sitt politiske dokument *Vi utdannar Noreg 2024 – 2027, Strategisk plan 2024-2025,* og Handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal.

1. Lærarrolla og laget rundt barnehageborn og elevar		
VI UTDANNAR NOREG 2024–2027: Lærarprofesjonen skal ha ei særskild rolle i å sikre ei tenleg og forsvarleg avklaring av kva for oppgåver profesjonen har ansvaret for, og kva for oppgåver leiarar og lærarar treng støtte frå andre yrkesgrupper for å løyse. Utdanningsforbundet skal arbeide for at denne avklaringa skjer gjennom partssamarbeid, samarbeid med dei andre yrkesgruppene i det lokale arbeidsfellesskapet og innanfor gjeldande lov- og avtaleverk. Læraren treng støtte frå andre yrkesgrupper, både i og utanfor eigen barnehage og skule, for å kunne ta hand om ansvaret sitt til det beste for born, unge og vaksne.		
STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025: *Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla, og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber. Vi skal også synlegjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehageborn og elevar.*		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Definere og avgrense lærarrolla -Tydeleg oppgåvefordeling mellom lærarar og andre yrkesgrupper i laget rundt -Gje lærarar og leiarar eit vern mot overbelastning	- Følgje opp pkt. 1 i protokolltilførsel til SFS2213 - Arbeide for at definisjonsmakta kring lærarrolla ligg til profesjonen vår - Legge til rette for lokale prosessar når det gjeld å definere og avgrense av pedagogane sitt ansvarsområde - Oppmode til diskusjon og arbeid med oppgåvefordeling i klubbane, og deretter kan ATVane kan ta det med	ATV HTV LL

	inn i eit felles drøftingsmøte for alle ATVane i bhg og skule. - Samarbeid med andre yrkesgrupper i barnehage og skule for felles avklaring og forståing av kven som skal løyse dei ulike oppgåvene - Setje satsingsområdet i samanheng med arbeid med arbeidsmiljø, jf. satsingsområde 6 <u>Felles treffpunkt for alle ATVar i bhg og skule</u> - Politisk påverknadsarbeid - Laget rundt barnet - Definere og avgrense av pedagogane sitt ansvarsområde	

2. Ein framtidsretta tariffpolitikk	
VI UTDANNAR NOREG 2024–2027: Utdanningsforbundet meiner at sentral lønnsdanning skal vere berebjelken ved fastsetjing av lønn for lærarprofesjonen. Vi må ha eit lønssystem som byggjer på utdanning, kompetanse og ansvar. Alle medlemmene våre må få utteljing for formell kompetanse. Utdanningsforbundet skal jobbe for at barnehagelærarane får eit sentralt og føreseieleg garantilønnssystem som sikrar utteljing for vidareutdanning.	
STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025: *Utdanningsforbundet vil med denne satsinga arbeide for å finne fleire handlingsalternativ for å nå dei tariffpolitiske målsetjingane.*	

Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Stoppe mindrelønsutviklinga i skuleverket -Stoppe kompetanseflukta frå barnehage - Berre lærarar med godkjend lærarutdanning skal undervise i skulen - Sikre utteljing for vidareutdanning for barnehagelærarar	- Delta på regionale tariffkonferansar og sentrale kurs om tariff - KS debatthefte - Tydeleggjere samanhengen mellom lønn og rekruttering jf Strategi for rekruttering - Følgje opp rapportering frå lokallaga i etterkant av lokale forhandlingar - -Jobbe for at barnehagelærarane får eit sentralt og føreseieleg garantilønssystem som sikrar utteljing for formell kompetanse - Tariff - alltid vere proaktive - Ta i bruk sentralt utarbeidt materiell - Politisk påverknadsarbeid - Delta på berekningskurs og kurs i forhandlingsleiing - Prioritering av skuleverket i lokale forhandlingar	HTV LL

	- Bevisstgjering med å bruke alle forhandlingsheimlane i HTA og gjere kjend at ein kan stille lønnskrav ved tilsetjing. - KS: Barnehagelærarar skal vere omfatta av HTA § 4.2.4.	

3. Tid for dei minste

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Dei lovfesta bemannings- og lærarnormene i barnehage og skule må styrkast, og profesjonsfellesskapet må utnytte dei moglegheitene som ligg i desse normene.
Utdanningsforbundet skal arbeide for at minst 60 prosent av dei tilsette i barnehagen skal ha barnehagelærarutdanning, ved å styrke barnehagelærarnorma samtidig som grunnbemanninga reelt vert auka.
God leiing krev at ein er til stades og kan ikkje utøvast utanfrå. Det skal difor være éin styrar i kvar barnehage og éin rektor ved kvar skule.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å auke bemanninga og barnehagelærartettleiken i barnehagen gjennom eit sterkare lovverk sentralt og ulike tiltak lokalt.

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.03:
Utdanningsforbundet må arbeide for at leiarane våre i både offentlege og private barnehagar og skular får nok tid og ressursar!

Mål	Tiltak for å nå måla	Ansvar
-Auka grunnbemanning i form av fleire barnehagelærarar - Styrka styrarressurs -Styrke bemanning SFO - Styrka profesjonsmedvit	- Profesjonsmedvit ved oppgåvefordeling i barnehagen (jf satsingsområde 1) - Arbeide for at det vert tilbode gode moglegheiter for arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning. - Fronte Utdanningsforbundet sin modell for betre grunnbemanning - Synleggjere barnehagelærarane sin kompetanse - Synleggjere behovet for styrka styrarressurs - Ein må ha same bemanning i SFO som ein har gjennom skuledagen for dei borna som har individuellplan i skuletida. - Politisk påverknad gjennom heile året - Lokalt budsjettarbeid for å nå måla i kampanjen - Vidareføre kampanjen Tid for dei minste - Vere synleg i ulike fora gjennom heile året	LL HTV Lokallagsstyret ATV

4. Kvalitetsutvikling på skulen sine premissar

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:
Vi må utnytte kompetansen i profesjonen betre, både ved utforming av styringssystem, vurdering av kva som er relevant styringsinformasjon, og ved tolking av innsamla informasjon. Mål- og resultatstyring har over lang tid vore det gjeldande styringssystemet i skule og barnehage. Dette har ført med seg standardisering og konkurranse, noko som snevrar inn formålet og samfunnsmandatet til barnehagen og skulen. (…)

Nasjonale prøver må avviklast. I staden bør det utviklast fleksible fagleg-pedagogiske verktøy som kan brukast i klasserommet på lærarane og elevane sine premissar.		
STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å endre det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling slik at det i større grad støttar opp under arbeidet lærarane gjer for at elevane skal lære og trivast, og i mindre grad føre til dokumentasjons- og rapporteringskrav, usunn konkurranse, målforskyving og stress blant elevane.		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Eit kvalitetssystem som lærarar opplever som gode pedagogisk verktøy	- Jobbe for at resultat frå læringsstøttande prøver ikkje skal offentleggjerast, og slik føre til intern rangering og konkurranse mellom skulane - Svare på høyringar knytt til kvalitetsutvikling - Påverke partiprogram - Halde fram med deltaking frå nettverk 1 i SAFO (Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling) - Leik i skulen - Arbeide for at stemma til lærarane skal høyrast før ein legg føringar for pedagogisk praksis. - Arbeide for ein framtidsretta skule der vi klarer å nå ALLE elevar og gjere undervisning spanande og meistringsfyllt.	HTV LL
5. Rammevilkår i barnehage og skule		
Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04: Vi ser at rammefaktorane i barnehage og skule gradvis vert dårlegare, ressursane til bemanning, tilrettelegging, ekstra innsats og førebygging vert knappare, medan behova vert større. Samtidig ser vi høge politiske ambisjonar til utdanning i Noreg, på tvers av alle politiske parti. Etter vårt syn fremmar ikkje den rådande politikken arbeidskvaliteten for dei som har eit arbeid i barnehage og skule. Det totale presset på leiarar og andre tilsette i vår sektor gjer at for mange vil forlate yrket, eller vel å ikkje gå inn i det. **Utdanningsforbundet Møre og Romsdal krev at ansvarlege politikarar på alle nivå må sørge for at ein får betre rammer slik at flukta frå læraryrket stoppar!**		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Synleggjere konsekvensar av for dårlege rammer i barnehage og skule	- Følgje opp KS-debatthefte og påverke deltakararar på KS-strategikonferanse - Seniorpolitiske tiltak i barnehage - Arbeid inn mot Stortingsvalet i 2025 - møte med lokalpolitikarar og stortingskandidatar - Følgje opp sentral Strategi for rekruttering 2030: *Konkrete punkt frå strategien *Be om møte med ordførar og varaordførar *Kople på Oppvekstsjef og politikarar - Gode rammevilkår i skule og barnehage for å motvirke flukt frå læraryrket - Arbeide for gode løns- og arbeidsvilkår	LL HTV Lokallagsstyret ATV Medlemmar Sirikit og Silje

	- Bruk av media - Delta på kurs	
6. Arbeidsmiljø – trygge og helsefremjande arbeidsplassar		
VI UTDANNER NORGE 2024–2027 Tilsette må vere verna mot vald og trugslar om vald og mobbing og grovt krenkande åtferd og ordbruk både i arbeidssituasjonen og i digitale medium		
Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04: Nyare forsking, både nasjonalt og internasjonalt, viser at det som er særleg belastande i læraryrket er det å stå i stressrelaterte situasjonar over lang tid, noko som kan sjåast som «ei langsam ulukke». Vi ynskjer difor at det må setjast større fokus på psykososialt arbeidsmiljø.		
Mål	**Tiltak for å nå måla**	**Ansvar**
-Etablere rutiner i samsvar med føreskrift til AML, kap. 23A: *Arbeid som kan medføre fare for å verte utsett for vald og trugsel om vald*	- Arbeide for at HMS-systemet(Compilo) vert meir brukarvenleg - Vidare arbeid med bransjeprogram - Vidare arbeid med Føreskrift til AML, kap. 23A - Fokus på psykososialt arbeidsmiljø og emosjonelle belastningar - Ta i bruk verktøy som er utvikla i samband med bransjeprogrammet - Gjere kjend lærarane sitt særskilte vern i straffelova § 265 og § 286	HTV ATV LL

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtek retningsliner for arbeidet i 2025 som foreslått. Om det kjem endringar på den sentrale strategiske planen frå 1.8.25, vert lokallaget sine retningslinjer justert slik det er samsvar med sentral strategisk plan.

Sak 7: Innkomne saker

Sak meld frå Volda læringssenter - Saksframlegg

Lovfesta rett til kontaktlærar i voksenopplæringa.

Ein ynskjer å sende inn ein resolusjon til fylkeslag og sentralstyret i Utdanningsforbundet. Utdanningsforbundet Volda meiner at deltakarar i vaksenopplæringa skal ha rett til kontaktlærar. Dette kjem tydeleg fram i Utdanningsforbundet sitt politiske dokument Vi utdanner Norge, s.33. Dette vil betre kvaliteten på tilbodet som vert gitt, og fleire deltakarar kan komme raskare i gang med vidare utdanning eller jobb.

Forslag til vedtak

Ved å jobbe for ei endring i SFS2213, kan man sikre likeverdig lønns- og arbeidsvilkår for våre medlemmar i vaksenopplæringa, vi meiner det bør arbeidast for at det i SFS 2213 7.2 f) vert gjort om slik at det også står «det skal opprettast lokale funksjonar for kontaktlærar i voksenopplæringa.» Utdanningsforbundet Volda meinar at Utdanningsforbundet må intensivere arbeidet for å sikre kontaktlærar til deltakarar i vaksenopplæringa, herunder norskkurs etter integreringslova og henholdsvis FOV, VOV og MFY.

Resolusjonen vert sendt til fylkeslag og sentralstyret i Utdanningsforbundet.

Sak 8: VAL

Valnemda har vore Connie Steffenakk Bakke, Tom Erik Bogen, Rigmor Hoggen Nina Ulvøy.

	Verv	Namn	År
1	Hovudtillitsvald 1	Cathrin Fremmerlid	På val til 2027
2	Hovudtillitsvald 2	Sirikit Vågen	Vald til 2026

Sak 9 VAL Det nye styret frå 1.8.2025

Valnemda har vore Connie Steffenakk Bakke, Tom Erik Bogen, Rigmor Hoggen Nina Ulvøy.

Innstilling frå valnemda:

	Verv	Namn	År
1	Leiar	Sirikit Vågen	Vald til 2026
2	Nestleiar	Cathrin Fremmerlid	På val til 2027
3	Styremedlem frå BHG	Synnøve Berg- Rusten Grevsnes	På val til 2027
4	Styremedlem leiar	Anita Brekke	På val til 2027
5	Styremedlem frå BHG (barnehage)	Frank Vidar Andersen	På val til 2027
6	Styremedlem frå GSK (grunnskule)	Åse Leikanger	Vald til 2026
7	Styremedlem frå BHG(barnehage)	Margun-Kathrin Haugen	Vald til 2026
8	Styremedlem frå VGS (vidaregåande skule)	Kristian Soma Ingebrigtsen	På val til 2027
9	Styremedlem frå UH (universitet og høgskule)	?	

Lærerstudentene i Utdanningsforbundet og pensjonistmedlem har møte- og talerett i styret.

Alf Terje Bjerkvik er vald som representant for pensjonistmedlemmane fram til 2026.
Om lærerstudentene i Utdanningsforbundet får etablert eit styre ved Høgskulen i Volda vil leiar få møte -og talerett i lokallagsstyret.

Vara

	Verv	Namn	År
1	Vara leiar (barnehage)	Synne Buer	På val til 2027
2	Vara frå G (Grunnskule SFO leiar)	Christel Olsen Aam	Vald til 2026
3	Vara frå GSK (grunnskule)	Ulf Kristiansen	Vald til 2026
4	Vara frå VGS (vidaregåande skule)	Linn Janett Driveklepp Øye	Vald til 2026
5	Vara frå UH (universitet og høgskule)	Kristin Rostad Gangstad	På val til 2027

Lærerstudentene i Utdanningsforbundet og pensjonistmedlem har møte- og talerett i styret.
Anne Lise Gridseth er vald som vararepresentant for pensjonistmedlemmane fram til 2026.

Val av styre og vara etter innstilling frå valnemda

1. Val av nestleiar
2. Val av medlemmar
3. Val av varamedlemmar

Valnemd

Innstilling til valnemd:

	Namn	Medlemsgruppe	År
1	Nina Ulvøy	G	På val til 2027
2	Rigmor Hoggen	B	Vald til 2026
3	Tom Erik Bogen	G Leiarmedlem	Vald til 2026
4	Connie Steffenakk Bakke	G	Vald til 2026

Vara valnemd:

	Namn	Medlemsgruppe	År
1	Camilla Sjåstad Kongsvoll	G	Vald til 2026

Val av valnemd og vara valnemd etter innstilling frå lokallagsstyret

1. Val av medlem i valnemd

Forslag til vedtak:
Årsmøtet vedtek samansetjing av nytt styre for 2025 etter forslaget. Lokallagsstyret kan utpeike/ velje styremedlemmer og valnemd dersom det vert behov for det i løpet av årsmøteperioden.

Stad /Dato

Frank Vidar Andersen

Stad/Dato

Synnøve Berg-Rusten Grevstad